Høyanger 3. september 2022

Hausthelsing frå FAU ved Høyanger skule

Vi håpar de alle har hatt ein god og flott sommar. FAU har også vakna litt til liv. Som ei oppfølging av punkt 3 i sommarhelsinga frå juni der vi under «*Budsjett, prosess og prioritering*» etterlyser …*gode prosessar som involverer elevar, tilsette og foreldre.*

Forrige veke fekk vi melding frå dugnadsgjengen i skulemusikken. Dagen før eit avtalt besøk i 2. klasse fekk dei melding frå skulen: Reklame for aktivitetar som kostar – eller på sikt kostar, er forbudt på skulen. Dette vart bestemt på rektormøte onsdag.

Vi etterlyser (nok ein gang) informasjon, involvering og prosessar i slike avgjerder. Seinast på dialogmøtet før ferien tok vi opp konkrete prosessar der skulen/oppvekst tek avgjerder og køyrer prosessar utan informasjon, involvering av verken foreldre eller elevar. Vi meiner dette no må takast grundig tak i, rimeleg umiddelbart på "heile fjøla". Frå kommunedirektør, til oppvekstjef – til den enkelte kontaktlærar. Vi må spele på lag.

Er det ikkje naturleg å involvere både FAU, elevråd og SU/SMU – i ei slik avgjerd? FAU er ikkje ein gong informert. Vi finn heller ikkje info om dette nokon stad. Det er heller ikkje etablert kultur/rutinar for produksjon/publisering av referat frå relevante fora (t.d. rektormøte), slik vi etterlyste i dialogmøte.

I dialogmøtet før sommaren var det sagt *«Det er (som mor) vanskeleg å finne ut kva tilbod som faktisk eksisterer».* På det same møtet uttalte oppvekstsjef at *«Det er på FRITIDA ungdata viser dei største utfordringane»*. FAU etterlyste også ei oversikt over fritidstilbod for ungdom. Eit innspel vi forstod oppvekstsjefen ville ta opp med kultursjef. Vi gjentok dette i sommarhelsinga, då for aktivitetar i sommar. Vi kan ikkje sjå dette er prioritert, verken til sommaren eller i arbeidet med ny heimeside for kommunen.

Om vi skal meine noko om avgjersla ism. skulemusikken: Vi kan ikkje sjå at avgjersla er heimla nokon annan stad enn ei «lokal Høyanger-lov». I utdanningsdirektoratet si rettleiing, *Reklame i skolen*, står følgjande i eit eige kapittel om dette temaet:

> ***3.5 Unntak fra bestemmelsen – reklame fra lokalt kulturliv:***
> *Reguleringen av reklame i opplæringsloven § 9-6 og privatskoleloven § 7-1a er ikke tenkt å ramme denne formen for reklame.*
> *Det fremgår her at hensikten med bestemmelsen ikke er å vanskeliggjøre vilkårene for det lokale kulturlivet. Det må derfor legges til grunn at henvendelser til skolen fra lokalt kulturliv om å få sette opp reklameplakater og spre materiell for konserter, utstillinger eller andre kulturelle tiltak med et ikke-kommersielt preg bør aksepteres.*

Vi minner enno ein gang om at kommuneplanen sin samfunnsdel har kun eitt overordna mål: *Høyanger kommune skal i planperioden auke talet innbyggjarar i aldersgruppa 20-40 år.*

For
FAU ved Høyanger skule
Jeanette Walsvik, Leiar